

# Oppmannsrapport etter fellessensur

20/6-23

Molde

Frode Myklebust, Asta Hoem

## 1. Innleiing

- Dei fleste sensorane opplevde at dette var eit godt eksamenssett, og visuelt tiltalande. Fin miks av bilde og tekst.
- Eksamensinformasjonen er kort, konsis og ryddig.
- Praktisk med ei oppgåve pr. side.
- Grei tekstmengde, og viktig info er uthavanaugh.
- Oppgåvene er knytt til kompetansemåla, og oppgåvene er difor sett på som relevante.
- Førsteintrykket var at settet ikkje var så vanskeleg, men etter kvart har sensorane sagt at settet har nok utfordringar for alle elevane.
- Arbeidsmengda ser grei ut, men nokre elevar har meldt tilbake at dei fekk litt for dårlig tid på delprøve 1.
- Argumentasjonen kan bli meir fagspesifikk.
- Tekst og argumentering gjer at elevane ikkje viser så mykje rekneferdigheiter som tidlegare.

## 2. Kommentrarar til eksamensoppgåva

### 2.1 Kommentarar til oppgavene i Del 1

- Fin variasjon i oppgåvetypane
- Fleire sensorar har lurt på kvifor oppgåve 5 gir 2p.
- Oppgåve 6 kunne heller gitt 2p der du kunne gi 1p for å finne gjennomsnittsfart.

### 2.2 Kommentarar til oppgåvene i Del 2

- Poengfordelinga på del 2 er fin. God vekting, og lett å skilje mellom høg, middels og låg.
- Oppgåve 5 a) treff mange, sjølv om dei ikkje har jobba mykje med programmering.
- Tydlegare bestilling i oppgåve 7 på grunn av formuleringa i eksamensinformasjonen.

### 2.3 Kommentarar til bruk av hjelpemiddel og digitale verktøy

- Elevane treng framleis meir trening i å bruke digitale verktøy og andre hjelpemiddel.
- Stor variasjon mellom skulane.

### 3. Kommentarar til den praktiske gjennomføringa av eksamen

- Skulane må passe på at alle sider blir scanna.
- 1. sensor kan gå raskt gjennom alle svara for å sjå om noko manglar slik ein får tilsendt manglar fort.
- Vi opplever det som eit stort løft å få svara digitalt.

## 4 Kommentarar til den praktiske gjennomføringa av sensuren

### 4.1 Sensurarbeidet

- Positivt overraska over vurderingsprosessen med digitale svar.
- Fint med skolering undervegs, for då får vi diskutert det relevante oppgåvesettet.
- Det kunne vore ein fordel med eit nettmøte for nye sensorar som aldri har hatt skolering tidlegare.

### 4.2 Dokumenter: eksamensrettleiing, sensorrettleiing, vurderingsskjema og forhåndssensurrapporten

- Kan med fordel slå saman nokre av kjernelementa i vurderingsskjemaet.
- Fint at vi fekk rettleiande poeng å gå etter.

## 5 Anna

### Samarbeidet med SF/Udir:

- Ryddig og fint samarbeid.
- God informasjon
- Kort responstid